

Årsrapport 2001

Rektor Karl Olav Nummedal
Høgskoledirektør Nils Mæhle

Nygårdsgaten 112, Bergen



Nøkkeltall

	2001	2000
Søknadstall *	23 100	21 454
Antall studenter høst*	5 683	5 385
Antall ansatte *	516	519
Sum bevilgninger (i 1000 kroner)	326 435	324 048

*Kilde: **Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD)**

Høgskolestyret

Styremedlemmer 2001
Styrets beretning 2001

Rapporter

Rapport om resultata av verksemda i 2001

Sist endret: 2004-07-30

Høgskolestyrets medlemmer 2001

Leder (rektor): Karl Olav Nummedal
Nestleder (prorektor): Britt Hamre

Tilsatte i undervisnings- og forskerstillinger

Arne Johan Haugland
Nora Linden
Dag Opseth

Teknisk-administrativt personale

Trine Kvernhusvik

Studenter

Vibeke Iren Herikstad (til 31.07.)
Lone Næss (fra 01.08.)
Jørn Are Lundin

Eksterne representanter

Brynjulf Hernes
Åse Løkeland
Are Tomsgard

Sist endret: 2004-07-30

Styrets beretning 2001

Høgskolestyrets medlemmer

Styret har hatt 8 styremøter og 2 seminarer. Styret behandlet i alt 99 saker i 2001. Sentralt i styrearbeidet har vært rullering av strategisk plan, kvalitetsreform av høgre utdanning, framlegg til endret lov om universitet og høgskoler, utfordringer innenfor hovedarbeidsområdene budsjettarbeid og nybygg.

Strategisk plan 2000-2005

Etter seminar sammen med høgskoleråd vedtok styret rullert strategisk plan, som gjelder inntil neste rullering.

Kvalitetsreform av høgre utdanning og framlegg til endret lov om universitet og høgskoler

Styret har drøftet kvalitetsreformen i flere styremøter. I tillegg hadde styret seminar sammen med dekaner og leder av studentparlamentet. På sakskartet sto kvalitetsreformen og framlegg til endret lov om universitet og høgskoler. Drøfting i seminaret inngikk i forberedelse til uttalelse om lovframlegget fra høgskolen og handlingsplan for iverksetting av kvalitetsreformen ved høgskolen.

Møter med avdelingene

Styret har hatt tre separate møter med hver av avdelingene. På kartet sto bl.a. måltall og måltallstildelinger, IKT, FoU, kurs og oppdrag og internasjonalisering. Disse møtene har vært viktige grunnlag for aktuelle styrevedtak.

Utfordringer innenfor hovedarbeidsområdene

Av større studiepolitiske saker som styret har arbeidet med, nevnes revidert eksamenforskrift og opptak på grunnlag av realkompetanse.

Personalet

Etter initiativ fra styret er HMS-data knyttet til personalet ved høgskolen rapportert. Dette gjelder bl.a. alderssammensetning, rekrutteringssituasjon, turnover, antall uføre og antall ansatte som i 2000 har valgt AFP, skademeldinger og sykefravær.

Nybygg på Kronstad

Styret er jevnlig orientert om og fattet vedtak når det gjelder samlokalisering av høgskolen. Styret er tilfreds med at Bergen kommune har vedtatt lokalisering av ny høgskole på Kronstad. Styret har også med glede merket seg innstillingen fra Kirke-, utdannings- og forskningskomiteen på Stortinget om bevilgninger på statsbudsjettet for 2002:

"Komiteen viser til omtalen av Høgskolen i Bergen der det fremkommer at Statsbygg forhandler med grunneieren (NSB) om tomtkjøp. Komiteen forutsetter at nødvendige midler stilles til disposisjon for kjøp av tomt og videre prosjektering når forhandlingene er sluttført.

Komiteen forutsetter at Regjeringen kommer tilbake til dette i forbindelse med Revidert nasjonalbudsjett for 2002." Sist endret: 2004-07-30

Rapport om resultata av verksemda i 2001

1. Rekneskap 2001
2. Undervisning, lærings- og arbeidsmiljø
3. Forsking og utviklingsarbeid
4. Internasjonalisering
5. Formidling
6. Eksternt finansiert verksemde
7. Administrative omstillingstiltak
8. Bygg og leige
9. Personalpolitikk
10. Spesielle område
11. Lærlingplasser

1. Rekneskap 2001

1.1 Balansen mellom budsjett og rekneskap

Tabell 1.1 viser nettobalansen mellom budsjett og rekneskap. Høgskolen hadde i 2001 eit netto mindreforbruk på kap. 0274, 0281 og 0228 på kr 9 277 000, som er søkt overført til 2002. I 2000 var det tilsvarende talet kr 3 741 000. Medan drifta (post 01) så vidt gjekk i balanse i 2000, greidde høgskolen i 2001 å halde seg innanfor løvvinga med god margin. På post 45 stod det att kr 3 343 000, på kap. 0281 kr 73 000, medan saldoen på kap. 0228 gjekk i null. Inntektene steig frå nærmere 40 mill.kr i 2000 til nærmere 51 mill.kr i 2001.

Tabell 1.1 Budsjett og reinkasjoner 2001 - netto løvvinger og netto utgifter

		Løvning	Rekneskap	Eller øykt overført til 2002	Oversinger i 2001
Kap 0274					
Post					
01	Lønn & drift	316 113	309 226	6 687	361
21	Særskilde driftsutgifter	-20	933	-953	154
45	Store mynn kjøp	10 342	6 999	3 343	3 226
Sum kap 0274		326 435	317 158	9 277	3 741
Kap 0281					
Post					
01	Lønn & drift	2 419	2 345	73	0
21	Særskilde driftsutgifter	532	532	-	0
Sum kap 0281		2 951	2 878	73	-
Kap 0228					
Post					
21	Særskilde driftsutgifter	532	532	-	0
Sum kap.0274 0281 og 0228		329 918	320 568	9 350	3 741
Amtell i 1000kr					

1.2 Spesifikasjon av rekneskapen

Tabell 1.2.I viser utgiftsendringane i kroner og prosent frå 2000 til 2001 og den prosentvise for-delinga av driftsutgiftene i 2000 samanlikna med 2001.

Tabellen viser m.a. at høgskolens totale utgifter på kap. 0274 steig frå kr kr 358 001' i 2000 til kr 367 930 (+2,8%) i 2001. På post 01 auka lønnsutgiftene med 2,0%, medan andre driftsutgifter ekskl. bygg gjekk ned med -6,8%, og drift av bygg auka med 7,5%. Tabellen viser også at lønnsdelen har auka til 60,7% (+0,4%) i forhold til 2000, medan andre driftsutgifter ekskl. bygg har gått ned frå 19,6% i 2000 til 18,0% i 2001, og drift av bygg har auka frå 19,6% i 2000 til 20,5% i 2001.

Post 01.11 organiserte stillingar, som er den posten som tyngjer mest i rekneskapen, steig med 2,0% i forhold til 2000. Utgiftene ved sjukefravære (01.11.7) steig frå kr 1 413' i 2000 til kr 1 819' (+28,7%), medan overtidsutgiftene (01.11.8) gjekk ned frå kr 796' i 2000 til kr 566' (-28,9%) i 2001.

Post 01.12 ekstrahjelp som blir brukt til å lønne bibliotekvaktar og korttidshjelp, gjekk ned frå kr 5 053'i 2000 til kr 4133 (-18,2%) i 2001.

Post 01.13 bistillingar skal dekkje utgifter til eksamen, timelærarar, timeøvingslærarar, øvingsundervisning i barnehage mv. Utgiftene på denne posten auka frå kr 24 737' i 2000 til kr 24 795' i 2001.

Post 01.15 reinhaldspersonale blir ikkje brukt da høgskolen bruker reinhaldsbyrå. Utgiftene blir difor førté på post 01.29.7.

Post 01.21-27 i tabell 3.1.2.I gjekk ned frå kr 66 135' i 2000 til kr 61 666' (-6,8%) i 2001. Utgifter til maskinar, inventar og utstyr (-15,2%) og til forbruksmateriell (-3,4%) gjekk ned for andre året på rad. Også utgifter til reiser gjekk ned i 2001 for første gong på mange år (-9,1%). På den andre sida auka utgiftene til konsulenttenester monaleg (+20,4%) også i 2001, som heilt ut kan tilskrivast auka kjøp av undervisningstenester. Ymse driftsutgifter gjekk ned med -12,3% etter ein større auke i 2000. Det har samanheng med å få til riktig periodisering av utgiftene til refusjon av øvingsundervisning i grunnskolen.

Tabel 12.I Spesifikasjon av utgiftene

Post	Belønning 2000	Belønning 2001	Endring %	2000		2001	
				%-deler delsumma	%-deler delsumma	%-deler delsumma	%-deler delsumma
01.11. Stillingar	147 800	150 744	2,0%	43,9%	44,1%		
01.12. Ekstrahjelp	5 053	4 133	-18,2%	1,5%	1,2%		
01.13. Bistillingar med mair	24 737	24 795	0,2%	7,3%	7,3%		
01.14. Løftinger med mair	219	207	-5,5%	0,1%	0,1%		
01.15. Reinhaldspersonale				0,0%	0,0%		
01.17. Styr, tekn. u. tekn.	301	353	17,3%	0,1%	0,1%		
01.18. Trygde, pensjon	24 998	25 623	2,5%	7,4%	7,5%		
01.19. Vikar med stipendpensjon	81	1 416	1681%	0,0%	0,4%		
Samleindelte	203 189	207 221	2,0%	60,1%	60,7%		
01.21. Maskinar, inventar, utstyr	8 654	7 342	-15,2%	2,6%	2,1%		
01.22. Forbruksmateriell	8 090	7 814	-3,4%	2,4%	2,3%		
01.23. Reiseløftinger	12 523	11 383	-9,1%	3,7%	3,7%		
01.24. Konsulenttenester med mair	9 530	8 207	-13,9%	2,8%	2,4%		
01.25. Konsulenttenester	8 863	10 070	14,4%	4,0%	3,1%		
01.26. Treningsdriftsutgifter	18 444	16 181	-12,3%	5,5%	4,7%		
01.27. Vedlikehald og drift av maskinar, inventar og materal	31	69	1226%	0,0%	0,0%		
Samleindelte driftsbygg, oppgang	66 150	61 066	-8,3%	19,6%	18,0%		
01.28. Vedlikehald, arbeid og arbeid	2 395	2 517	5,1%	0,7%	0,7%		
01.29. Bygningsdrift, teknisk	65 279	70 200	7,5%	19,4%	20,5%		
Samleindelte driftsbygg	336 998	341 654	1,4%	100,0%	100,0%		
21.12. Lønn og godtgjørelse, oppgang	8 040	13 122	63,2%				
21.13. Trygder	1 145	1 852	61,7%				
21.22. Varmt, mat, bensin, vannsum	4 889	4 307	-11,9%				
Samleindelte 21. Samleindelte driftsbygg	14 074	19 281	37,0%				
45.11. Stem utbygelj	6 929	6 995	1,0%				
Totalt	358 001	367 930	2,6%				

Tabel 1.2.II Drift av byggings, bensin og Rør	Balansep 2000	Balansep 2001	Endring %
01.29.1 Elektrisitet, bensin	5 761	5 731	-0,5%
01.29.2 Adgangskontroll	987	964	-2,3%
01.29.3 Førebudskomunikasjon	619	1 027	+63%
01.29.5 Festetvært			
01.29.6 Andre driftsutgifter	612	949	+51%
01.29.7 Reinhold ved byrå	7 076	8 888	+25,6%
01.29.8 Vakthold	101	381	+272%
01.29.9 Skatter og avgifter	74	45	-38,9%
Sum 01.29.1-01.29.9 (unntakse 01.25.4)	14 830	17 583	+17,5%
01.29.4 Leige av lokale	50 449	52 616	+4,3%
Sum underpost 01.29	65 279	70 201	+7,5%

Tabell 1.2.II viser at utgifter til drift av bygg (post 01.29) auka med +7,5% i 2001. Leige av lokale har stige med 4,3%, medan utgifter til reinhold ved byrå har stige med heile 25,6%, men det skuldast i første rekke at ei rekning på ca. 1 mill.kr først blei betalt i januar 2001 i staden for i desember 2000. Av andre større poster ser ein at utgifter til elektrisitet, bensin er omtrent uendra (-0,5%) for 2000 til 2001.

Post 21 spesielle driftsutgifter har auka frå kr 14 074' i 2000 til kr 19 281' (+37,0%) i 2001. Inntektene ved denne verksemda (kap.3274,post 01 oppdrag) var kr 18 351' (+23,4%) i 2001.

Post 45. Høgskolen hadde kr 10 342' til disposisjon på denne posten i 2001 inkl. overføring frå 2000. Av desse blei det brukt kr 6 995'. Høgskolen har såleis eit ubrukt beløp på kr 3 343', som er søkt over-ført til 2002. Størstedelen av løyvinga blei brukt til investeringar i IKT-utstyr, medan resten blei brukt til inventar, utstyr o.a. ved avdelingane.

Tabell 1.2.III viser at høgskolens inntekter auka frå kr 39 860' i 2000 til kr 50 790' (+ 27,4%) i 2001. Inntektskravet frå KUF (etter parallele justeringar) var kr 31 170', dvs. at høgskolen hadde ei meirinntekt på kr 19 620', som er brukt til å dekkje meirutgifter på kap 0274. Den store veksten i dei samla inntektene for høgskolen har halde fram i 2001. Inntektene ved oppdrag auka med +23,4%, salsinntek-ter m.v. med +7,7% og kurs ved vaksenopplæringstiltak med heile +81,8%. Refusjon av sjukepengar har auka frå kr 4 123 i 2000 til kr 5 858' (+42,1%) i 2001.

Tabel 1.2.III Spesifisering av inntekter	Balansep 2000	Balansep 2001	Endring %
01 Innleiebit ved oppdrag	14 274	18 351	+23,4%
02 Salg innleiebit m.v.	13 906	14 973	+7,7%
03 Diverse innleiebit			
11 Kunnskapt var vaksenopplæringstiltak	5 815	9 643	+6,8%
15 Refusjon av arbeidsmarkedsstøtte	556	757	+36,2%
16 Refusjon av helsepengar	1 021	1 118	+9,5%
17 Refusjon: lastinger	75	90	+20%
18 Refusjon av sjukepengar	4 123	5 858	+42,1%
Sum inntekter	39 860	50 790	+27,4%

1.3 Utgifter til praksisopplæring i lærerutdanninga og innanfor helsefaga

Tabell 1.3 viser korleis dei forventa utgiftene til øvingsopplæring i 2002 vil bli samanlikna med 2001. Lønn (inkl. arb.g.utg.) er utgifter som høgskolen betaler til enkeltpersonar, medan andre utgifter er utbetalingar til kommunar, sjukehus o.l. over post 01.25.2/ 01.26.6/7. Utgiftene til helse-og sosialfagutdanningane er slegne saman. Ny øvingslæraravtale (lærarutdanninga), som truleg blir ferdigforhandla våren 2002, vil kunne påverke tala for 2002.

Tabell 1.3 Tidsløp til stringoppplæring og praksis				
Utbetalning (Alle tall i 1000kr)	2001		Forverd 2002	
	Lone *	Andre utgiftar	Lone *	Andre utgiftar
Allm.-, tekn.-, faglærer og PPU-utbetalning	2 474	9 108	2 475	9 110
Pensjonsavansutbetalning	4 037	698	4 060	700
Helse- og sosialfagsutbetalning	185	4 738	0	5 169
Sum utgått stringoppplæring og praksis	6 716	14 545	6 535	14 979

*Tall. H.J.6 arbeidsvekt.

1.4 Tiltak for å betre økonomistyringa

Ansvaret for forvaltinga av høgskolens økonomiske ressursar ligg dels sentralt og dels på avdelingane. Dei tildele løyingane skal haldast. Eventuelle overskridinger blir trekte frå neste års budsjett, medan ubrukte midlar blir lagde til etter dei same prinsippa som departementet bruker overfor høgskolane. Høgskolen utarbeider månadlege økonomioversikter for kvar resultateining og for høgskolen samla. Høgskolen har samanliknbare tal på underunderpostnivå for kvar resultateining, som blir brukte til nærmare analyse av forbruk, tildelingar pr. student o.l.

Høgskolens blei eigen rekneskapsførar frå 1.1.99, og tok samtidig i bruk Agresso rekneskapssystem. Økonomimedarbeidarane har no god røynsle med dette systemet. Økonomihandboka blei ferdigstilt i 2001. Ho vil vere ein del av det samla kvalitetssikringssystemet for Høgskolen i Bergen og medverke til at høgskolens målsetjing om effektiv ressursbruk blir nådd. Økonomihandboka er tilgjengeleg både på papir og elektronisk, og blir oppdatert jamleg.

1.5 Økonomirapportering

Høgskolens interne månadlege økonomioversikter danner grunnlaget for dei kvartalsvise rapportane som skal oversendast UFD. Rapporteringa skjer via DBH-basen hos Norsk samfunnsvitskapleg datateneste, NSD. Styret får rapport om høgskolens økonomi kvart kvartal. Rapporteringa byggjer på prognosetal for den økonomiske utviklinga innanfor den ordinære verksemda og prosjekt- og oppdragsverksemda.

1.6 Kostnader per student på studium

Tabell 1.6 Kostnader pr. studium

Studier	Praktisk utdannings studiomodus	Fakultet	Oppgjeldende 16. 06. 07.07	Post 02.01. 16. 06. 07.07	Kostnader				Kostnad pr. student kvartal	Kostnad pr. student årsd	
					Årlige kostnader	Inndelte kostnader	Øvre kostnader	Registrerte studiator			
Naturfaglege utdanningsgrupper											
Spesialister	2 284 365	0	0	1 601 574	29 200 664	1 798 670	27 474 680	100	65 304	65 301	
Vitenspesialister	4 916 495	0	32 160	1 411 791	0 117 497	2 699 612	11 492 493	270	19 914	19 911	
Naturfaglege utdanningsgrupper 2											
Fysikaspesial	2 300 249	0	0	1 087 457	0 294 341	1 893 776	12 310 300	100	68 146	68 141	
Geologar					76 457	3 409 647	9 262 657	1 000 451	01	69 682	69 676
Elektronikspesial	724 703	0	0	348 000	4 016 730	1 023 671	6 730 670	100	58 047	58 046	
Psykolog	727 105	0	0	3 764 000	0 394 633	1 298 740	10 743 450	134	53 444	53 440	
Sosialfaglege utdanninger											
Sociosamfunn	4 168 010	0	0	1 170 670	0 629 306	1 729 400	8 688 651	100	68 323	68 316	
Lærarutdanninger											
Forskningslærar	4 755 000			5 253 321	29 303 630	8 289 930	48 950 610	100	70 481	62 483	
Filosofilærar	10 046 000		32 160	7 067 367	0 016 616	8 176 600	9 120 168	100	21 001	20 003	
Faglærar					210 326	3 173 760	7 199 937	4 102 459	76	69 799	65 875
PPU	637 000			328 324	1 027 600	362 313	2 048 350	40	70 800	71 100	
Ingeniørutdanninger											
2d-3d ingeniørutdanning				4 498 020	3 000 912	6 406 207	11 097 600	44 301 304	1 140	69 682	69 680
Kostnadsintensivt utdanningsutvalg											
Jordar	467 706	0	0	142 142	2 107 761	362 111	1 117 611	40	61 466	70 446	
Hovudfag					34 276	1 044 367	3 044 002	1 000 451	36	66 007	65 294
Lærlig grad											
Lærlig gradbetong	323 039			405 430	5 012 500	7 000 337	8 629 232	75	67 002	60 710	
Mekanisk utdanning					120 911	3 118 000	8 629 232	3 759 255	89	69 682	65 875
Totalt	24 692 440	0	1 300 000	31 462 601	126 104 640	-8 000 300	124 101 600	+472	69 680	69 672	

Tabell 1.6 byggjer på rekneskapstal for 2001. Høgskolen kan førebels ikkje få ut rekneskapstal direkte på kvart studium slik departementet ønskjer. Utrekninga er derfor basert på eit visst skjønn. Så langt som mogeleg er kostnadene fordelt direkte på studia. Det gjeld først og fremst praksiskostnadene. Avdeling for helse- og sosialfag er den resultateininga som i stor grad utgiftsfører på studia slik at kostnadstala for helse- og sosialfaga er dei som kjem nærest det "korrekte". For lærarutdanningane og ingeniørutdanningane er kostnadene fordelt høvesvis etter talet på studentar pr. studium. Det gjer at utrekninga for hovudfagsstudentar blir for låg, medan utrekninga for studentar på økonomisk-administrativ utdanning blir for høg i høve til dei fordelingsnøklane

høgskolen nyttar ved intern budsjettildeling. Men dei samla kostnadene (eksl. husleige) for den einskilde avdelinga er fordelt på dei studia som hører til avdelinga. Samla kostnader for Sentraladministrasjonen (inkl. Mediesenter, Bibliotek, Strategisk IT) er fordelt som indirekte kostnader pr. studium i forhold til studenttal. Høgskolen har kost-nadstal for kvar resultateining. Bruttokostnader pr. student pr. studium er summen av alle post 01-kostnadene dividert på talet på studentar pr. studium. Nettokostnader pr. student pr. studium er alle post 01-kostnader fråtrekt inntekts-/refusjonspostane 02, 11,15, 16, 17 og 18 dividert på talet på studentar pr. studium. Husleiga er ikkje med i tala og heller ikkje post 45 eller post 21.

[Til toppen](#)

2. Undervisning, lærings- og arbeidsmiljø

2.1 Utvikling i studenttal

Utvikling i søker- og opptakstal

Høgskolen hadde til studieåret 2001-02 ein auke i søkeratala på ca. 7% (mai-tal). Tilsvarande auke gjaldt for primærsøkerane til dei prioriterte studia, som hadde følgjande endringar i søkeratala:

Utdanning	Endring	Kommentar
Høgskoleingeniørutdanning	+ 7 %	Alle linjene fylte måltala
Allmennlærarutdanning	+ 1 %	Overopptak med 40 studentar
Allmennlærar med musikk	+ 9 %	Fylte måltalet
Allmennlærar med naturfag	+13 %	Fylte måltalet
Førskolelærarutdanning	+10 %	Eit lite overopptak
Sjukepleiarutdanning	+12 %	Overopptak med 12 studentar
Sosionomutdanning	+ 4 %	Eit lite overopptak
Radiografutdanning	+16 %	Eit lite overopptak
Vernepleiarutdanning	- 3 %	Eit lite overopptak
Ergoterapeututdanning	-10 %	Eit lite overopptak
Fysioterapeututdanning	- 4 %	Eit lite overopptak

Høgskolen hadde også god søkering til dei uprioriterte studia, og måltalet for studia blei oppfylt.

Høgskolen fekk trekkje studiet Yrkesfaglærarutdanning i mekaniske fag og i elektrofag på grunn av for få søkerar. Høgskolen måtte likevel gi eit tilbod til to av søkerane til elektrofaget. I samarbeid med utdanninga fekk desse to eit tilpassa studieopplegg innanfor yrkesfaglærarutdanninga.

Til førskolelærar-, vernepleiar- og sjukepleiarutdanningane tek høgskolen opp til deltidsutdanning annakvart år. Høgskolen hadde opptak til desse tre utdanningane våren 2001. Studia går over fire år.

For fyrste gong tilbaud høgskolen undervisning i fordjupingsfaga matematikk og fysikk ved opptak til høgskoleingeniørutdanningane (Tresemesterordninga). Dette resulterte i 9 studentar i tillegg i kjemi, og 15 studentar i tillegg i miljø og havbruk.

For fyrste gong gav høgskolen høve til å søkje opptak på grunnlag av realkompetanse. Høgskolen mottok 925 søknader om slikt opptak. Av desse fekk 66 tilbod om studieplass. Det var tilbod om studieplassar ved alle grunnutdanningane. Dei fleste tilboda var ved førskolelærar-, sjukepleie- og vernepleiarutdanningane.

Studenttal

Høgskolens måltal for 2001 var 4646 for eigenfinansierte studium, mens det reelle studenttalet var 4653. Avdeling for lærarutdanning låg under måltalet, medan Avdeling for helse- og sosialfag og Avdeling for ingeniørutdanning låg over måltalet.

Ved Avdeling for lærarutdanning hadde allmennlærarutdanninga og førskolelærarutdanninga det største fråfallet av studentar undervegs i studiet; allmennlærarutdanninga med 102 studentar og førskolelærarutdanninga med 79 studentar. Avdelinga tok opp ti årseininger/halvårseininger utover tildelt ramme. Dette opptaket veg likevel ikkje opp for fråfallet.

Avdeling for helse- og sosialfag hadde 225 studentar over måltalet. Alle dei prioriterte studia hadde fleire studentar enn måltalet. Også vidareutdanningsstudia var godt fylte opp med unntak av jordmorutdanninga, som hadde 32 av 40 studentar. Høgskolen vil frå hausten 2002 gå over frå januar- til august-opptak for denne utdanninga. Dette vil gi eit betre tilpassa studieløp og truleg føre til at fleire søkerar vil ta imot studietilboden.

Avdeling for ingeniørutdanning hadde samla sett fleire studentar enn måltalet. Høgskoleingeniørutdanninga låg samla noko under måltalet (1117 av 1150). Linjene for bygg, data og elektro skilde seg ut med ekstra mange studentar i høve til måltalet. Høgskolekandidatutdanninga i økonomisk- administrative fag hadde høge søker- og studenttal.

2.2 Utviklinga i talet på personar i doktorgradsprogram

Høgskolen i Bergen har ikkje eige doktorgradsprogram.

2.3 Samarbeid mellom høgre utdanningsinstitusjonar

Høgskolen har samarbeid med fleire andre utdanningsinstitusjonar både når det gjeld grunnutdanning, vidareutdanningar og hovudfag.

Grunnuttanngar

Hausten 2000 starta Høgskolen i Bergen ei desentralisert radiografutdanning i samarbeid med Høgskolen i Gjøvik. Høgskolen i Bergen har det faglege ansvaret, medan Høgskolen i Gjøvik har studentane og det administrative ansvaret for gjennomføringa.

Høgskolen samarbeider med Universitetet i Bergen om SpråkTeknologi grunn- og mellomfag med desentralisert undervisning på Voss. Universitetet har det faglege ansvaret og undervisning i 12 vekttal, mens høgskolen har det administrative ansvaret, undervisning i 8 vekttal og gjennomføring av eksamen. I avtalen mellom institusjonane blir budsjettet (studieplassane) delt 50/50.

Høgskolen samarbeider med Universitetet i Bergen om mellomfag i praktisk pedagogikk, også her blir budsjett (studieplassar) delt 50/50.

Høgskolen i Bergen og Universitetet i Bergen samarbeider om høgare musikkutdanning innanfor paraplyorganisasjonen Griegakademiet. Institutt for musikk ved universitetet og Musikkseksjonen ved Avdeling for lærarutdanning ved høgskolen deltek i dette samarbeidet. Høgskolen i Bergen har nasjonal knutepunktfunksjon i musikkpedagogikk for høgare utdanning. Institutt for musikk ved Universitetet i Bergen omfattar det tidlegare Bergen musikkonservatorium og musikkvitkap.

Vidareutdanningar

Gjennom samarbeidet med Universitetet i Bergen og Norges Handelshøyskole i Nettverk Vidareutdanning Bergen har høgskolen utvikla fleire vidareutdanningstilbod som blir finansiert gjennom oppdrag eller deltakaravgift. Studia er blitt til gjennom samarbeid med ulike oppdragsjeverar frå privat og offentleg sektor.

Nettverksuniversitetet er eit ope samarbeid mellom norske universitet og høgskolar om utdanning på nettet. Følgjande institusjonar er medlemer i Nettverksuniversitetet: Høgskolane i Agder, Stord/Haugesund, Stavanger, Bergen, Sør-Trøndelag, Nord- Trøndelag, Narvik, Universitetet i Bergen, NTNU. Gjennom Nettverksuniversitetet samarbeider Høgskolen i Bergen med Høgskolen i Nord-Trøndelag, Høgskolen i Sør-Trøndelag og Høgskolen Stord/Haugesund om vidareutdanning i Helse- og sosialinformatikk 20vt.

Høgskolen samarbeider med Diakonhjemmets høgskolesenter om Vidareutdanning i systematisk grunnlagsforståing og familieteori 10 vt.

Høgskolen samarbeider med Høgskolen i Oslo om studiet Psykiske lidingar og aldersdemens hos psykisk utviklingshemma.

Hovudfag

Høgskolen samarbeider med Universitetet i Bergen om hovudfag i historie med samfunnsfagdidaktikk og hovudfag i praktisk pedagogikk. I avtalen mellom institusjonane blir budsjettet (studieplassane) delt 50/50.

2.4 Hovudfagskandidatar

Høgskolen tok hausten 2001 opp 8 studentar til hovudfag i historie med samfunnsfagsdidaktikk og 10 studentar til hovudfag i musikkpedagogikk. Optaket skjer annakvart år. Studentane brukar normalt lengre tid enn normert på å fullføre studiet. I 2001 fullførte 4 studentar hovudfag i musikkpedagogikk, og 6 studentar fullførte hovudfag i historie med samfunnsfagdidaktikk.

2.5 Kandidatar i doktorgradsprogram

Høgskolen tilbyr ikkje doktorgradsstudium, og har såleis ikkje eigne kandidatar i doktorgradsprogram. To tilsette fullførte doktorgraden ved UiB i 2001.

2.6 Studiekvalitetsarbeid, lærings- og arbeidsmiljø

Høgskolen starta hausten 2000 arbeidet med eit internt vurderingssystem for undervisning. Utgangspunktet var høgskolens strategiske plan, plan for studiekvalitet og Noregsnettrådets retningslinjer. Opplegget viste seg å vere for ambisiøst. Høgskolen vil no i samarbeid med eksterne konsulenter utvikle eit enkelt og heilskapleg kvalitetssystem. Inntil vidare vidarefører kvar avdeling sine opplegg for undervisningsevaluering.

Resultatbaserte løyvingar

I 2001 blei det tildelt kr 6 070 000 som intern resultatbasert løyving (vekttalsløyving).

Gjennomstrøyming

Dei fleste helsefagutdanningane har svært høg gjennomstrøymingsprosent, t.d. sjukepleiarutdanninga med 92% og vernepleiarutdanninga med 98%, mens bioingeniørutdanninga har noko lågare med 72% og fysioterapeututdanninga med 73 % i høve til departementets kandidattal. Når det gjeld sjukepleiar- og vernepleiarutdanningane, syner ikkje departementets kandidattal verkelege verdiar i høve til forventa kandidattal. Årsaka er at frå 1999 tok høgskolen opp til både heiltids- og deltidsutdanning på desse to studia med opptak deltid annakvart år. Sett over ein to-års periode fyller høgskolen opptaksmåltala. Normert tid for endeleg eksamen for deltidsutdanningane er 2002 for sjukepleiarutdanninga og 2003 for vernepleiarutdanninga. Ergoterapeututdanninga har eit kandidattal på 107 % i høve til departementets kandidattal. Årsaka er at studentar med hengefag fullførte studiet i 2001.

Allmennlærarutdanningane har eit kandidattal på 73,5 % og førskolelærarutdanninga på 75% av departementets kandidattal. Mange studentar sluttar undervegs i desse studia. Nokre studentar har òg hengefag, særleg innanfor matematikk, der avdelingane no tilbyr ekstraundervisning for å få fleire studentar gjennom. Avdelinga meiner at strengare krav til gjennomført eksamen før studentane får gå vidare i studia, vil stimulere studentane til betre studievanar og dermed auka gjennomføring av eksamen. Avdelingsstyret har difor vedteke nytt reglement om dette som blir gjort gjeldande frå hausten 2002. Kortfatta går krava ut på at studentane må bestå praksis for å starte eit nytt studieår, og at eksamenar som ikkje er bestått, må takast innan eitt år for at studenten skal kunne følgje det vidare studieløpet. Reglane blir iverksette frå 01.02.02, og gjeld for alle allmenn- og førskolelærarstudentar.

Høgskoleingeniørutdanningane har eit kandidattal på 75 % i høve til departementets kandidattal. Dette er ei klar betring i høve til tidlegare år.

Høgskolen har skrive ut cand.mag.vitnemål til 151 personar i 2001. Av desse var 112 kvinner.

Det heilskaplege læringsmiljøet

Høgskolen er i ferd med å utvikle eit nettbasert studietilbod i høgskolepedagogikk for undervisningspersonale som ikkje har pedagogisk utdanning.

Alle avdelingane har byrja med studentaktive læringsformer og mappeevaluering som ledd i arbeidet med å betre gjennomstrøyminga.

Universitetet i Bergen, Studentsamskipnaden i Bergen og Høgskolen i Bergen har saman etablert TOMAS-prosjektet (Trivsel og Meistring av Studium). Prosjektet fekk midlar frå departementet t.o.m. 2001. Institusjonane vil vidareføre TOMAS i 2002 og 2003. Gjennom TOMAS har studentar fått personleg rettleiing, delteke i dysleksigrupper og i meistring av eksamen-grupper. Prosjektet held no på å bli implementert i institusjonane. Fagpersonalet har blitt kursa i å leie meistringsgrupper, og leiarane vil få rettleiing av prosjektleiar i det vidare arbeidet med gruppene.

Bergen uavhengige sosialrådgjøring (BUS)

BUS er ei frivillig studentdriven sosialrådgjøringsteneste i regi av høgskolen. Det er eit gratis tilbod til befolkninga i Bergen kommune og omland. I 2001 fekk BUS tilskot frå Bergen kommune og Russens humanitæraksjon. BUS hadde 118 saker i 2001.

Utdanning i Bergen er eit samarbeidsprosjekt mellom SiB, HiB, UiB, NHH, Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Bergen Næringsråd. Målet er å gjere Bergen til ein attraktiv studentby. Med utgangspunkt i Utduining i Bergen har SiB, UiB, HiB og Bergen Næringsråd gått saman om å etablere Karrieresenteret i Bergen. Karrieresenteret tilbyr studentane rettleiing i samband med jobbsøking, jobbsøkjekurs, intervjuutreninng, karriererettleiing, bedriftspräsentasjonar og etablerarkurs. Karrieresenteret formidlar kontakt med næringslivet om hovudoppgåver, prosjektoppgåver, bedriftsbesøk, traineestillingar m.m. Karrieresenteret opna 28.02.01.

Høgskolen er representert i styret for SiB. NHH og HiB veksler om å ha røysterett, men representantane frå begge institusjonane har tale- og forslagsrett. Det er alltid studentrepresentantar frå høgskolen i styret. Leiinga ved HiB, SiB og Studentparlamentet har eit samarbeidsmøte i byrjinga av kvart semester, der problem blir tekne opp og diskuterte, og det blir sett opp gjennomføringsplanar for saker som skal løysast.

Høgskolen har ei velfungerande fadderordning for nye studentar.

Det er etablert ein pris for godt læringsmiljø, som blir delt ut kvart år.

Funksjonshemma studentar

Høgskolen har utarbeidt Handlingsplan for funksjonshemma studentar 2000 - 2002, der det er nedfelt ulike tiltak for tilrettelegging av studie- og eksamenssituasjonen og kven som har ansvaret for å følgje opp dei ulike tiltaka. Eit samarbeidsutval med ein kontaktperson for institusjonen og ein for kvar avdeling møtest jamleg og diskuterer aktuelle spørsmål og korleis tiltak i handlingsplanen blir gjennomførte. Høgskolen har både døve og blinde studentar. Det blir tilrettelagt for at desse skal kunne gjennomføre studiet på ein tilfredsstillande måte. Bygningane er tilrettelagde for rullestol i den grad det er praktisk mogeleg. Hausten 2001 hadde høgskolen ein rullestolbrukarar. Samarbeidsutvalet meiner at familjøa legg forholda godt til rette for desse studentane. Høgskolen er i ferd med å inngå avtale med eit kompetansesenter om dysleksiagnostisering av studentar. Bakgrunnen er at høgskolen ønskjer ei sakkunnig fråsegn for å kunne legge eksamenssituasjonen best mogeleg til rette for studentane med dysleksi. Desse studentane har også tilbod om å delta i ei "dysleksigruppe" i regi av TOMAS (sjå ovanfor).

2.7 Nye studium/fag og nedlegging av studium/fagtilbod

I 2001 har høgskolen oppretta tre nye studium:

1. Vidareutdanning i gastroentologisk sjukepleie 10 vt. finansiert ved kursavgift. Deltidsutdanning.
2. Medisinsk laboratorietechnologi 20 vt. Vidareutdanning for bioingenørar finansiert ved kursavgift. Deltidsutdanning.
3. Intensiv fysioterapi 10 vt. Vidareutdanning for fysioterapeutar finansiert ved kursavgift. Deltidsutdanning.

Styret har vedteke at det frå hausten 2002 også skal takast opp studentar til 3-årig bachelorgrad i økonomisk-administrative fag. Fagplanen følgjer forslag til rammeplan for studiet og består i hovudsak av 2-årig økonomisk-administrativ utdanning og 1 års vidareutdanning i logistikk.

Styret vedtok i desember 2001 å legge ned studieretning analytisk kjemi under linje for kjemi. Høgskolen har fått samtykke frå departementet om ikkje å ta opp studentar til allmenn-lærarutdanning i naturfag hausten 2002. Det er ikkje gjort vedtak om å legge ned denne utdanninga.

2.8 Fleksible utdanningstilbod. Etter- og vidareutdanning, fjernundervisning og desentraliserte studietilbod

Organisering av internt arbeid med etter- og vidareutdanning

Utvikling av studietilbod er lagd til avdelingane. Studietilbod blir utvikla i nært samarbeid med eksterne samarbeidspartnalar, ofte etter bestilling. Høgskolen sentralt annonserer studia, gjer opptak og registrerer studentane.

Samarbeid med eksterne aktørar.

Høgskolen deltek m.a. i Nettverksuniversitetet, Norgesuniversitetet og Nettverk Vidareutdanning Bergen, som er eit samarbeid mellom Universitetet i Bergen, Norges Handelshøgskole og Høgskolen i Bergen.

Utover dette samarbeider høgskolen med kommunar/fylkeskommunar og bedrifter.

Fjernundervisning

I 2001 hadde høgskolen tilbod om følgjande studium som fjernundervisning:

Helse- og sosialinformatikk 20 vt
Kommunikasjonsarbeid 5 vt.
Kreativ Webdesign 5 vt.
Multimedia for Web 5 vt.
Nettpublisering 5 vt.

Delvis nettbaserte studietilbod

I 2001 hadde høgskolen tilbod om følgjande studium som delvis nettbaserte:

Engelsk fjernundervisning 10 vt.
Medisinsk digital biletbehandling 10 vt.
Pedagogisk arbeid på småskoletrinnet 10 + 10 vt.
Tverrfagleg rehabilitering 10 vt.
Bedriftsøkonomi med rekneskap 10 vt.
Mammografi 10 vt.

Høgskolen fekk i 2001 innvilga midlar til omstilling frå departementet. Det blir sett i gang eit prosjekt for å auke høgskolens del av nettbaserte studietilbod. Prosjektet har som mål å byggje opp fagleg kompetanse i bruk av IKT i undervisning og læring. Prosjektet skal føre fram til 10 nettbaserte studietilbod frå hausten 2002. Fagområda er diabetessjukepleie, rettleiarutdanning, vidareutdanning i helsefremjande og førebyggjande arbeid, medisinsk treningsterapi, elektroterapi, e-læring, digital oppmåling (GIS/GPS), organisasjon, oljehydraulikk, drama og naturfag.

I 2001 har det skjedd ein vesentleg auke i tilrettelegging av fleksible læringsformer også ved enkelte grunnutdanninger. Høgskolens tre avdelingar utarbeider planar for kompetanseheving hos lærarane i bruk av IKT. Ca. 100 fagpersonar har gjennomført opplæring i studiestøttesystemet It's learning.

Tilrettelegging av studentarbeidsplassar med internetttilgang gjer det no mogeleg å presentere lærestoff på nye, fleksible måtar.

For åra 2001-2002 har følgjande fått tilsegn om SOFF-støtte:

Prosjekt 8/2001 "Skolebasert fjernundervisning i engelsk 1-7: Utvikling av elektronisk verktøy og materiell for heving av munnleg kompetanse". Kr 200.000 for 2001 og kr 120.000 for 2002.
Prosjekt 7/2002 "5 vt studium i e-læring" kr 200.000 i 2002 og kr 100.000 for 2003.

2.9 Spesielle rekrutteringstiltak

Under paraplyen Utdanning i Bergen (sjå pkt. 3.2.6) samarbeider UiB, HiB og NHH om eit felles marknadsførings- og rekrutteringsopplegg. Dette kjem i tillegg til rekrutteringsopplegget til den einskilde institusjonen.

Høgskolen har god søkering til utdanningane sine (sjå pkt. 3.2.1.1) Ingeniørutdanninga som har lågast søkering (alle kvalifiserte søkerar får studietilbod) og lågast studentgjennomstrøyming, har satsa på to område for å betre rekrutteringa:

1. Eit "realfagprosjekt" der studentar frå ingeniørutdanninga besøkjer vidaregåande skolar på Vestlandet for å informere om ingeniørutdanninga og påverke elevar i den vidaregåande skolen til å satse på realfag.
2. Tresemesterordninga, der høgskolen tilbyr fordjuping i matematikk og fysikk til studentar som ikkje fyller dei spesielle opptakskrava. I 2001 tok høgskolen opp studentar etter denne ordninga for første gong.

[Til toppen](#)

3. Forsking og utviklingsarbeid

3.1 Strategiske prioriteringar

Dei strategiske føringane til FoU ligg til eit styreoppnemnt utval for forsking (FO-utvalet). Utvalet blir leia av rektor og består av dekanane, ein student og ein ekstern styrerrepresentant. Studiedirektøren har sekretæransvaret via FoU-leier, som også leier ei administrativ gruppe for forsking. Gruppa er samansett av ein tilsett frå kvar avdeling med ansvar for forskingsverksemda. Den administrative gruppa skal koordinere FoU-verksemda og oppdragsverksemda innanfor forsking, vere premissleverandør til FO-utvalet, utvikle rutinar for dokumentasjon og rapportering, vere redaksjon for skriftserien, arbeide med forskingsformidling, informere om forskingsprogram, søknadsfristar og hjelpe med å skrive søknader.

Høgskolens FoU-ressursar er todelte. I 2001 ble det sentralt delt ut ca. 1 mill.kr som støtte til doktorgradsarbeid og til FoU-prosjekt (frikjøp av tid) etter søknad der avdelingane prioriterer. Prioriteringa tek utgangspunkt i kvaliteten på søknaden, høgskolens strategiske plan og dei strategiske satsingsområda til avdelingane. Lokalt (avdelingsvis) blir det tildelt midlar til den enkelte tilsette som FoU-tid, nedfelt i arbeidsplanane. Også her er det kvaliteten på søknadene og dei strategiske satsingane som veg tyngst ved tildelinga.

Grunnlaget for dei strategiske satsingane ved Høgskolen ligg i "FoU-strategi for Høgskolen i Bergen". Denne planen er no under revisjon, og vil i tillegg bli supplert med strategiske planar for kvar av dei tre avdelingane.

FO-utvalet har oppnemnt ein komite som innan 01.03.02 skal greie ut om alle sidene ved eit kvalifiseringsprogram for førstelektor.

3.2 Vitskaplege publikasjoner

Tabell 3.1 gir eit oversyn over vitskaplege publikasjonar ved høgskolen i 2001. Dette utgjer 36% av dei samla FoU-arbeida ved Høgskolen. Dei andre resultata er samla i tabell 3.2 som viser det registrerte FoU-arbeidet ved høgskolen i 2001 (FORSKDOK)

Eit dominerande trekk ved FoU-miljøet ved Høgskolen i Bergen, er mangfaldet. Dokumenterte arbeid spenner over heile registeret, frå vitskaplege avhandlingar og doktorgradsarbeid til utviklingsprosjekt, foredrag og kunstnarisk utviklingsarbeid. Aktiviteten er aukande. Innføringane i BIBSYS - FORSKDOK syner ein auke frå 240 i 1997, 322 i 1998, 409 i 1999, 472 i 2000 og 410 i 2001.

	K1	K2	K3	K4	K5	K6	K7	K1	K2	K3	K4	K5	K6	K7	Sum
Ardeling for helse- og sosialfag	4	4	3	7	1	0	21	1	3	8	0	2	0	0	43
Ardeling for lærerutdanning	16	4	3	1	6	9	13	0	3	8	0	1	0	0	53
Ardeling for ingeniørutdanning	1	0	7	5	1	10	15	1	3	1	0	0	6	1	48
Sentraladministrasjonen	0	0	0	0	0	0	0	3	1	0	0	1	0	2	2
Totalt	21	8	13	13	8	19	49	2	0	2	0	3	7	1	146

	2001
Ardeling for helse- og sosialfag	127
Ardeling for lærerutdanning	70
Ardeling for ingeniørutdanning	202
Sentraladministrasjonen	11
Totalt	410

3.3 Forskings- og utviklingsaktivitet

Avdeling for helse- og sosialfag har i 2001 samarbeidd med Fylkesmannen om etter-/vidareutdanninga Sosialt arbeid i førstelinjenestenesta. Avdeling for lærerutdanninga har gitt tilbod om etter-/vidareutdanningar i samarbeid med Statens utdanningskontor.

IDEA 2001 i Bergen

Verdkongressen for drama og undervisning med ca. 1000 deltagarar og medverkande frå 54 land.
Tema: "Playing Betwixt and Between" - om fagområdets bruk av fiksjon/røyndom, inter-kulturalitet, perspektivbytte og dramapedagogikkens utfordringar i mellomrommet mellom teater og pedagogikk.
116 papers, 85 workshops, 11 keyholes, 5 keynotes, 16 poster presentations, 10 Special Interest Groups, kunstrarlege morgonsamlingar, teaterfestival med 7 ulike profesjonelle framsyningar, Noregs første studentteaterfestival og 15 produksjonar, første IDEA sommarskole og 15 ulike produksjonar, første offisielle Young IDEA med undomsteatergrupper frå 6 ulike land, som sa-man produserte ei avslutningsframsyning for kongressen, utgjing av Nordic Voices - in Drama / Theatre and Education (264 s.)
Publisert rapport / CD-ROM ferdig i april 2002; kongressvideo ferdig april 2002; publisering av "proceedings": IDEA Dialogues (300 s.) ferdig i april/mai 2002.

Arrangør Høgskolen i Bergen, Avdeling for lærarutdanning, Dramaseksjonen i samarbeid med Landslaget Drama i Skolen.

ISME 2002

Det internasjonale forskingssamarbeidet er aukande, t.d. samarbeidet mellom Høgskolen i Bergen, Universitetet i Bergen og Universitetet i Dar es Salaam, Tanzania. Tildeling frå NUFU gjer det mogeleg å satse sterkt på intervensjonsforskning på området Hiv/Aids over fleire år.

3.4 Samarbeid med Statens Utdanningskontor

Samarbeidet med Statens utdanningskontor har halde fram i 2001, både i form av møteverksemd og kurs

3.5 Forskingsevalueringar

Det har ikkje blitt gjennomført forskingsevalueringar ved høgskolen i 2001.

Til toppen

4. Internasjonalisering

Dei strategiske føringane for internasjonaliseringsarbeidet ved Høgskolen i Bergen ligg til eit styreoppnemnt utval for læring, internasjonalisering og studiekvalitet (LIS-utvalet). Utvalet blir leia av prorektor, og består av prodekanane, 2 studentar og ein ekstern styrerepresentant. Studiedirektøren har sekretæransvaret via internasjonal koordinator, som også leier ei administrativ gruppe for internasjonalisering. Gruppa er samansett av ein tilsett frå kvar avdeling med ansvar for den internasjonale verksemda. Den administrative gruppa er premissleverandør til LIS-utvalet, og skal utvikle rutinar for dokumentasjon og rapportering, følgje opp rapportane, syte for informasjon om internasjonale program og søkerfristar og hjelpe med søkeradsskriving, koordinere og legge til rette for samarbeid på tvers av avdelingane.

Til toppen

5. Formidling

Høgskolens tilsette driv ei aktiv formidlingsverksemd, blant anna gjennom deltaking på Forskingsdagane i Bergen. I tillegg kjem mange foredrag, gjesteforelesingar, konserter og utstillingar i inn- og utland.

5.1 Utgiving av tidsskrift m.m

Skriftserie

Høgskolen har eigen skriftserie. Den består av ein rapportserie og ein notatserie. Rapportserien har strengare krav til kvalitet enn notatserien. I 2001 ble det utgitt 2 FoU-rapportar.

5.2 Populærvitenskapleg verksemd

Bergen Vitensenter

Bergen Vitensenter er ei stifting i regi av Christian Michelsen Research (CMR). Høgskolen blei invitert til å delta i stiftinga, og søkte sommaren 2000 departementet om å få gå inn i stiftinga med kr 60.000. Hausten 2001 fikk høgskolen avslag. Høgskolen har eit medlem i styret for stiftinga, og yter kompetanse. Høgskolen har inngått ein intensjonsavtale med Bergen Vitensenter. Vitensenterets formål er å formidle kunnskap om naturvitenskap og teknologi på ein engasjerande måte gjennom interaktive utstillingar. Tilbodet skal vere pedagogisk tilrettelagt for born og ungdom. Høgskolen meiner at eit slikt tilbod er viktig, m.a. for rekruttering både til ingeniør- og lærarutdanning.

Vestnorsk Kulturakademi

Høgskolen har eit medlem i styret for Stiftinga Vestnorsk Kulturakademi, som m.a. har som føremål å synleggjera verdiene som ligg i den vestnorske kulturen. Stiftinga samarbeider med UiB og HiB om undervisningsopplegg, og skal fungera som eit regionalt kompetansesenter og ha ein regional funksjon innanfor avgrensa fagområde (m.a. byggeskikk, mat, reiseliv, husflid og utvalde handverksteknikkar).

5.3 Publikumsbesøk til museum, utstillingar og liknande

Høgskolen i Bergen har inga museumsverksemd.

[Til toppen](#)

6. Eksternt finansiert verksemd

6.1 Rekneskapsført hos institusjonane

Utgiftene til oppdragsverksemda (post 21) auka frå 14,1 mill.kr i 2000 til 19,3 mill.kr i 2001. Inntektene på post 01 auka frå 14,6 mill.kr i 2000 til 18,4 mill.kr i 2001.

6.2 Deltaking i EU-finansierte forskingsprosjekt

Høgskolen har i 2001 ikkje vore med i noko EU-finansiert forskingsprosjekt.

6.3 Randsoneinstitusjonar

Høgskolen har ein samarbeidsavtale med Christian Michelsen Research AS. Høgskolen gjekk inn med kr 150 000 i aksjekapital i eit nystartet aksjeselskap, IT Vest AS.

[Til toppen](#)

7. Administrative omstillingstiltak

7.1 Omdisponeringar på budsjettet

Høgskolen i Bergen har ikkje gjennomført vesentlege omdisponeringar på budsjettet i år 2001, og har i all hovudsak nytta den same interne budsjettfordelingsmodellen som i år 2000.

7.2 Forenkling av styringsstruktur eller administrative rutinar

Høgskolen i Bergen vurderer kontinerleg verksemda for å sikre ei mest mogleg effektiv drift. I år 2000 vart det starta opp ein gjennomgang av den samla administrasjonen ved Høgskolen i Bergen. Føremålet med dette arbeidet var å identifisere mogelege forenklingar i administrative rutinar, og om det ville vere mogeleg å desentralisere fleire administrative oppgåver. Arbeidet blei sluttført i 2001. Etter gjennomgangen av den samla administrasjonen tilrådde høgskoledirektøren at fordelinga av administrative oppgåver og ansvar i all hovudsak var tenleg og effektiv. Det vart difor berre mindre endringar som følgje av gjennomgangen av den samla administrasjonen.

Det har i 2001 blitt oppretta nye administrative seksjonar ved Avdeling for lærarutdanning (seksjon for praksis) og Avdeling for helse- og sosialfag (seksjon for formidling og oppdrag).

Høgskolen i Bergen legg vekt på å nytte IKT effektivt i det administrative arbeidet. Kompetanseutvikling for personalet innanfor IKT-området vert difor prioritert.

Høgskolen i Bergen har fleire administrative fora på tvers av avdelingar og sentralsadministrasjon. Døme på slike fora er studieforum, økonomiforum, personalforum og innkjøpsforum. Det blir halde jamlege møte i desse fora.

7.3 Omorganisering o.l.

Styret for Høgskolen i Bergen fatta i styresak 116/00 vedtak om at ei av resultateiningane, Prosjekt Læringssenter (PLS), ved høgskolen skulle nedleggjast. Verksemda ved PLS blei organisatorisk lagd til studieseksjonen (bibliotek og mediesenter) og til personal- og økonomiseksjonen (IKT-kontoret).

Styret for Høgskolen i Bergen fatta i styresak 83/01 vedtak om at Mediesenteret skal slåast saman med UiBs mediesenter i ei ny sjølvstendig organisasjonseining som formelt sett vil høyre inn under Universitetet i Bergen, men der både universitet og høgskolen vil bidra til finansiering av verksemda og få tenester frå verksemda i det nye Mediesenteret i Bergen (MiB). Det skal etablerast eit eige styre for MiB med like mange medlemer frå kvar av dei to institusjonane.

7.4 Bruk av særskilde midlar til omstilling

Høgskolen i Bergen fekk ei særskild løyving på kr 900 000 til omstillingstiltak frå departementet i 2001. I tillegg til desse midlane vart kr 300 000 av dei samla strategiske midlane nytta til omstillingstiltak.

Interne tiltak som fekk omstillingsmidlar i 2001, var:

Utvikling av nettbaserte studietilbod (kr 1050 000)
Styrking av fagleg leiing (kr 150 000)

Til toppen

8. Bygg og leige

Tabell 7 gir ei oversikt over dei areala Høgskolen i Bergen leiger, dvs. 62 652m² brutto fordelt på 5 hovudstudiestader og på 5 mindre eininger (Landås, Stord, Voss m.v.). Samla husleige var kr 52 387' eller 836 kr/m² i 2001. For 2002 er leiga berekna til kr 52 891' eller 836 kr/m². Kvaliteten på leigearala varierer sterkt, og ved dei store avdelingane er romkapasiteten sprengd.

Avdeling for helse- og sosialfag disponerte i 2001 6 261m² brutto på Nordnes (sosialfag m.v.), og husleiga var 849 kr/m² inkl. indre vedlikehald. I Haukelandsbakken (sjukepleie, radiografi) disponerte avdelinga 5 561m² til 726 kr/m². For begge desse studiestadene vart leiga nedregulert i 2001 etter avtale mellom KUF og Statsbygg. I Møllendalsveien (fysioterapi, ergoterapi) disponerte avdelinga 5 110 m² til 917 kr/m². Statsbygg Vest er utleigar på dei to førstnemnde studiestadene, medan Backer A.S er utleigar på den sistnemnde. På oppmoding frå høgskolen førebur Statsbygg Vest eit prosjekt i Haukelandsbakken (nytt auditorium og nye grupperom).

Avdeling for ingeniørutdanning disponerte 20 440m² til 633 kr/m² ekskl. indre vedlikehald i Nygårdsgt. 112, 4 352m² i Nygårdsgt. 114 (lågblokka) til 1 005 kr/m² ekskl. indre vedlikehald og 1236 m² i Nygårdsgt. 114 (høgblokka) til 1 235 kr/m². Odfjell Eiendom A/S eig desse bygga. Driftsutgiftene i Nygårdsgt. har auka monaleg også i 2001. Høgskolen hadde i 2001 ei omfattande brevveksling med departementet om tilhøva på Nygård, og søkte m.a. om auka husleige på 2 mill.kr

Avdeling for lærarutdanning disponerte 18 001m² til 1 022 kr/m² inkl. indre vedlikehald på Landås med Statsbygg Vest som utleigar, og 1102m² til 250 kr/m² (ekskl. indre vedlikehald) på Landås skole med Bergen kommune som utleigar. Frå 1.8.01 blei arealet på Landås skole redusert til 653 m². Symjehallen på Landås vil bli stengd frå hausten 2002 etter pålegg frå Næringsmiddeltilsynet. Statsbygg Vest har sett ned ei prosjektgruppe for ein ny symjehall.

Tabell 70f.DBH Tabell 6.3) Oversikt over golvareal og utgifter til huseleige m.m. i 2000-2002

Namn på byggetegdom	Brutto kvm	Legebeløp			Leigepr. kvm
		2000	2001	2002	
Areal der det blir bostatt leide til Statavæa					
Haukelandsbakken 45	5 561	4 803	4 039	4 102	726
Haugeveien 29	6 261	6 085	5 316	5 657	849
Landåsvegen 15	18 001	17 585	18 393	18 393	1 022
Sum	29 823	28 273	27 748	28 152	930
Areal der det blir bostatt leide til andre					
Nygårdsgt. 112	20 440	12 390	12 931	12 931	633
Nygårdsgt. 114	4 352	4 282	4 372	4 439	1 005
Nygårdsgt. 114 (2. & 3. et. høghold)	1 236	1 483	1 527	1 581	1 235
Mellandsdalen 6	5 110	4 598	4 888	4 852	917
Landås skole	853	278	238	178	364
Gymnasium, Voss	470	410	420	427	894
Krimmelsd. Bergen	128	80	80	90	625
HIB, Thomaskirksgt	30	80	80	88	2 687
Helana, Stord	410	303	303	177	739
Sum	32 829	23 880	24 639	24 739	751
Totalsummer for brutto kvm og legebeløp	62 652	52 133	52 387	52 891	836

[Til toppen](#)

9. Personalpolitikk

9.1 Talet på tilsette (årsverk)

Tabell 9.1 er henta frå Database for statistikk om høgare utdanning (DBH) og viser talet på tilsette (årsverk) for Høgskolen i Bergen pr. 01.10.2001 fordelt på stillingskategoriar. Tabellen viser at høgskolen hausten 2001 hadde tilsette i til saman 516 årsverk. Av desse var 481 ordinært tilsette og 35 i oppdrag. Tilsette i permisjon med lønn, vikarar, bistillingar og ekstrahjelp er rekna med under ordinære tilsette.

Tabell 9.1 Talet på tilsette (Årsverk) 2001

Stillingsstype	Ordinært tilsette	Oppdragstilsette	Totalt	Prosent kvinner
Administrative stillinger	93,00	15,00	108,00	69,05
Høgskoledosent	2,90	0,00	2,90	0,00
Professorer	2,00	0,00	2,00	0,00
Andre vitenskapelige stillinger	293,18	4,80	297,98	64,18
Undervisningsstillinger	40,83	14,90	55,63	66,24
Sikpendiumstillinger	5,00	0,00	5,00	20,00
Offisielle og v. høgskoll.	28,00	0,00	28,00	6,94
Edukativestillinger	12,80	0,00	12,80	100,00
Bistillinger	2,20	0,00	2,20	10,00
Andre stillinger	0,80	0,00	0,80	100,00
Sum	488,91	35,60	513,41	69,63

Årsverka i stillingsgruppa Undervisnings- og forskarstillingar fordeler seg som følgjer (inkl. bistillingar):

Tabell 9.1.2

Nominering	Kvinner	Menn	Sum
Professor	1,2	1,4	2,6
Høgskoledøsent	0	2,5	2,5
Forskningsansatt	15,1	39,8	54,9
Forselaktor	3	11,6	14,6
Høgskolelektor	143,9	85,8	229,7
Høgskolær	36,6	19,3	55,9
Sum	199,8	160,4	360,2

Høgskolen er over statsbudsjettet dei seinare åra tildelt følgjande stipendiatstillingar:

1. Praktisk pedagogikk, helsefag ved AHS, tilsett (mann) til 31.12.01.
2. Musikkpedagogikk ved AL, tilsett (kvinne) til 31.03.02.
3. IT/teknisk databehandling ved AI, tilsett (mann) til 31.12.03.
4. Undervassteknologi ved AI, tilsett (mann) til 31.12.03.
5. Samfunnsdidaktikk ved AL, tilsett (mann) til 31.12.05.
6. Rehabilitering ved AHS, tilsett (kvinne), men ikkje byrja pr. 31.12.01.
7. Drama ved AL, er lyst ut, ingen er tilsett pr. 31.12.01.
8. IKT helsefag ved AHS, er lyst ut, ein søkjær, ikkje ferdigbehandla pr. 31.12.01.
9. Musikkpedagogikk ved AL, er lyst ut, 7 søkarar, ikkje ferdigbehandla pr. 31.12.01.
10. Pedagogikk ved AL, ny, ikkje lyst ut pr. 31.12.01.
11. Sykehuslogistikk ved AI, ny, ikkje lyst ut pr. 31.12.01.
12. Vasskvalitet ved marin matproduksjon ved AI, ny, ikkje lyst ut pr. 31.12.01.

Eksternt finansiert stipendiat (fond for fysioterapeutar):

Tabell 9.1.3

Stipendiatstillingar		
Finansieringskjelde	Tal på tilsette	Pot. krimer
Finansiert over eigen budsjettsumma	5	20 %
Finansiert av NFR	0	
Eksisterende finansiering av andre	1	0 %
Sum	6	17 %

Styret har fastsett stillingsramma for høgskolen til 472 ordinære årsverk. Stipendiatstillingar, oppdragsstillingar og bistillingar kjem i tillegg.

Totalt sett er det god balanse mellom talet på tilsette i faste stillingar og stillingsramma som styret har fastsett. På enkelte fagområde er det likevel fleire stillingar enn naudsynt.

Høgskolen arbeider med å få redusert talet på desse stillingane. Høgskolen har inngått ein omstillingavtale med organisasjonane. Denne vil vere ein viktig reiskap, m.a. ved spørsmål om overtalige stillingar.

I 2001 har høgskolen rekneskapsført kr 12.205.000 i lønsutgifter (inkl. arbeidsgivaravgift) til timelærarar og gjesteforelesarar. Det tilsvrar 30,5 årsverk (å kr 400.000). Innanfor visse fagområde er timelærarbruken stor. Høgskolen vil vurdere å omfordеле ressursar som i dag blir brukte timelærarstillingar.

Høgskolen har følgjande administrative leiarstillingar:

Tabell 9.14

Stilling	Tal på tilsette	Kvinner
Høgskoledirektør	1	0
Stabssjef	2	2
Avdelingsdirektør	3	1
Konkurranset	3	1

Høgskolen har i 2001 ikke behandla saker om yrkesgodkjenning i undervisnings- og forskarstilling frå søkjalar busett utanfor Noreg.

9.2 Kvinner i vitskaplege og administrative stillingar (årsverk)

Av tabell 9.1 går det fram at høgskolen har 54,1% kvinner i kategorien "andre vitskaplege stillingar" (førsteamanuensis, førstelektor og høgskolelektor) som er fordelte slik:

førsteamanuensis: 27,5 % kvinner
 førstelektor: 20,5% kvinner
 høgskolelektor: 62,6% kvinner

Av stipendiatane er 20% kvinner.

Høgskolen vil vurdere tiltak for å auke talet på kvinner i førsteamanuensis- og førstelektorggruppene i samband med utarbeidning av ny likestillingsplan.

Tabell 9.3

Tal på tilsette som deltok på hovedfags- eller dr. gradsprogram		Tal på tilsette med opprykk i stilling som følge av oppnådd hovedfag eller dr. grad i 2001	
Hovedfag	Dr. grad	Hovedfag	Dr. grad
16	28	9	2

Eit kurs i leiarutvikling for valde faglege leiarar med ca. 40 deltakarar blei avslutta i november 2001. Det var totalt 6 samlingar. Kvar samling varte i 1 dag. Dei ulike emna var:

1. Styring og leiing
2. Personalforvalting
3. Studiesaker
4. Konflikthandtering
5. Økonomistyring
6. Den vanskelege samtalen

20 fagleg og administrativt tilsette gjennomførte eit internt engelskkurs på 150 timer i 2001 med engelskseksjonen ved Avdeling for lærarutdanning som fagleg ansvarleg.

Når det gjeld administrativt personale, er Høgskolen i Bergen med i eit nettverk om kurstilbod, Opplæringsnettverket i Hordaland (OPN). Høgskolen tilbyr felleskurs for dei tilsette. I 2001 er det gitt tilbod om felleskurs som Statskonsult har arrangert i Bergen, m.a. innanfor rekneskapsføring, offentleg-, forvaltings- og ferielova, med til saman 14 deltakarar frå høgskolen. Vidare har OPN samarbeidt om nynorskurs der 6 tilsette deltok. Det er også halde kurs i presentasjonsteknikk med 12 deltakarar og diverse kurs innanfor KT med til saman 10 deltakarar på kvart kurs.

Vidare har to administrativt tilsette fått delvis permisjon i samband med vidareutdanning i offentleg rett. Det er også gitt økonomisk støtte til vidareutdanning i nettbasert undervisning med tre deltakarar i prosjektleiing og seks i kommunikasjon og nettpublisering. Ein tilsett deltek på vaktmeisterskolen over tre semester, og ein tilsett har delteke på bedriftsøkonomistudiet.

9.4 Helse, miljø og tryggleik

Høgskolen prioriterer HMS høgt. Høgskolen i Bergen gjennomfører årlege internkontrollrundar på dei 6 verneområda med avdelingsdirektør, verneombod og representantar frå bedriftshelsetenesta (verneingeniør, fysioterapeut) som ansvarlege. Internkontrollrundane fungerer godt, særleg i høve til det fysiske arbeidsmiljøet.

Høgskolen og Arbeidsmiljøutvalet (AMU) er opptekne av korleis det organisatoriske/psykososiale arbeidsmiljøet kan betrast, m.a. ved å fokusere på tilrettelegginga av medarbeidarsamtalar for heile personalet (også for tilsette i undervisnings- og forskarstillingar), oppfølging av sjukmelde, beredskap i krisesituasjonar og seniorpolitikk. Det blei oppnemnt nye medlemer til AMU hausten 2001. Høgskoledirektøren er fast medlem av utvalet.

Hausten 2001 hadde Arbeidstilsynet ein landsomfattande aksjon i undervisningssektoren for å kartleggje korleis institusjonane handsamar kjemikaliar. Ved høgskolen fungerte alt tilfredsstillande.

Frå og med 2001 har høgskolen innført ein årlig arbeidsmiljøpris på kr 25.000 som går til medarbeidar(ar) som har arbeidt aktivt med å skape eit godt arbeidsmiljø.

I 2001 var sjukefråværet for Høgskolen i Bergen 5,24% mot 4,51% i 2000. Høgskolen ligg elles godt an i høve til Nasjonal sjukefråværstatistikk, som viser eit sjukefråvær på 5,8% for undervisningsinstitusjonar i 3. kvartal 2001. Høgskolen vurderer tiltak for å få ned sjukefråværet. Det blir m.a. vurdert om høgskolen skal inngå ein samarbeidsavtale med trygdeetaten med bakgrunn i "Intensjonsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv", som er inngått mellom regjeringa og organisasjonane i arbeidslivet.

Hausten 2001 blei bedriftshelsetenesta evaluert. Med bakgrunn i evalueringa og med innføringa av fastlegeordninga i Noreg, legg bedriftshelsetenesta meir vekt på førebyggjande arbeid. Etter ein ekstern tilbodskonkurranse hausten 2001 har høgskolen inngått ein ny avtale om bedriftshelseteneste.

[Til toppen](#)

10. Spesielle område

10.1 Entreprenørskap

Høgskolen etablerte våren 2001 Senter for nyskaping. Hovudmål for senteret er å:

- bidra til å forme høgskolens strategiske planar i retning av større engasjement mot lokalt næringsliv
- bidra til å heve dei tilsettes evne og vilje til å samspele med regionalt næringsliv
- bidra til at høgskolen blir eit konkurransefortrinn for næringsliv/SMB og etablerarar i regionen
- vere eit serviceorgan overfor næringslivet når det gjeld informasjon, rettleiing, rådgjing og gjennomføring av oppdrag som prosjekt og kurs
- bidra til at ressurspersonar frå næringslivet i større grad blir brukte i undervisning og kompetanseutvikling og som foredragshaldarar

Senter for nyskaping er ein paraplyorganisasjon for næringslivsutvikling og nyskaping.

Høgskolen i Bergen deltek i prosjektet SMB-Kompetanse (SMB = små og mellomstore bedrifter) med ein prosjektleiar på heil tid. Prosjektet omfattar også SMB-Høgskole. Hovudmålet med desse prosjekta er å skape positive holdningar til innovasjon og nyskaping blant studentar og tilsette ved høgskolen.

I samarbeid med fem andre høgskolar har høgskolen utvikla eit kurs i Entreprenørskap (4 vekttal) for lærarar og studentar ved dei statlege høgskolane. Dette kurset blei tilbode første gongen hausten 2001.

I samarbeid med Hordaland fylkeskommune og Christian Michelsen Research (CMR) har høgskolen vidareført prosjektet "idéhjelpa". Dette prosjektet er delfinansiert gjennom FORNY-programmet. Prosjektet har som mål å skape positive holdningar til å etablere eiga verksemd.

10.2 Noregsnettet

Høgskolen har to nasjonale knutepunkt i Noregsnettet:

- Musikkpedagogikk
- Drama i lærarutdanninga

Høgskolen har arbeidt målretta for å bygge opp under knutepunktfunksjonen, m.a. gjennom prioritert tildeling frå dei strategiske satsingsmidlane. Høgskolen tilbyr også hovudfag i musikkpedagogikk og i dramapedagogikk, og samarbeider med Universitet i Bergen om Griegakademiet.

Satsingsområda for høgskolen er kunst og kultur, praktisk pedagogikk, helse og livskvalitet og marin teknologi.

Førebyggjande og helsefremjande arbeid, rehabilitering, psykisk helsearbeid og helse- og spesialfagleg arbeid retta mot funksjonshemma er konkretiseringar av satsingsområdet helse- og livskvalitet ved høgskolen. Høgskolen har dei to siste åra etablert fleire etter- og vidareutdanninger som høyrer inn under satsingsområdet. Som eksempel kan nemnast vidareutdanning i rusproblematikk med vekt på det førebyggjande aspektet, vidareutdanning i helsefremjande og førebyggjande arbeid, både etter- og vidareutdanning i rehabilitering, stråleterapeututdanning, kvalitetsleiring og HMS-arbeid, aldring og psykiske lidningar hos psykisk utviklingshemma og vidareutdanning for miljøterapeutar og sjukepleiarar i kommunehelsetenesta.

Høgskolen har i 1999 inngått ei avtale med Universitetet i Bergen om etablering av hovudfag og mellomfag i pedagogikk (praktisk pedagogikk). Hovudfaget starta i januar 2000.

10.3 Miljøspørsmål

Høgskolen i Bergen har ikkje hatt utgifter til større miljørelaterte tiltak i 2001.

10.4 Dugleiksvurdering i lærarutdanningane

Tabell 10.4.1 Dugleiksvurdering i lærarutdanningane				
	Til samlingar behenda i en institusjonssamverking	Saker behenda i en dugleikssamnada	Saker som fører til vedtak om ikke-dugleik	Saker som fører til vedtak om både ikke- dugleik og utestengning
Tal på saker	2	0	0	0

Som det går fram av tabell 10.4.1 har Høgskolen i Bergen berre hatt 2 slike saker i 2001.

[Til toppen](#)

11. Lærlingplassar

Høgskolen i Bergen hadde i januar 2001 tre kontorfaglærlingar etter Reform 94. Ein av lærlingane slutta i mars 2001, før fullført læretid, på grunn av private omstende. I haustsemesteret avla ein lærling fagprøve, og det blei teke inn ein ny lærling frå 1.september. Den andre lærlingen var då ferdig med første året. Høgskolen hadde to kontorfaglærlingar pr. 31.12.2001.

Lønnsutgifter ekskl. refunderingar var kr 206 558 for 2001.

[Til toppen](#)

Sist endret: 05.12.2005